



Kultur- og kyrkjedepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

dok 118

Kultur- og kyrkjedep.	
Saksnr. 200800086	Dato 6.5.09
Kode 161-212	Bok

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
200901776-5/655/IFKR

Dykkar ref.:

Bergen, 04. mai 2009

## Pilegrimsmotivet som nasjonal satsing. Høyring

Fylkesutvalet i Hordaland hadde saka føre i møte 22. april i år, sak 94/09, og det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

1. Fylkesutvalet er nøgd med at Kultur- og kyrkjedepartementet har gjennomført utgreiinga "Pålivets vei. Pilgrimsmotivet - et nasjonalt utviklingsprosjekt" og knytt arbeidet til dei ulike pilegrimsmåla i Noreg.
2. Fylkesutvalet viser til Hordaland fylkeskommune sitt arbeid i Røldal og ser innhaldet i utgreiinga som eit godt døme på korleis statleg, regional og lokal politikk på kulturfeltet kan verke gjensidig styrkande i gjennomføringa av større prosjekt.
3. Fylkesutvalet viser til tidlegare vedtak gjort i saka i Hordaland fylkeskommune og vil kome attende til oppfølgjande tiltak når forprosjekt for pilegrimssenteret i Røldal er ferdig.

Kopi av saksførelegg og særutskrift ligg ved.

Venleg helsing

Ronny B. Skaar  
konst.fylkeskultursjef

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator



## SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200901776  
Arkivnr. 655  
Sakshandsamar Ekerhovd, Per Morten

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	31.03.09	34/09
Fylkesutvalet	22.04.09	94/09

## PILEGRIMSMOTIVET SOM NASJONAL SATSING. HØYRING

---

**Kultur- og ressursutvalet 31.03.09**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### INNSTILLING

1. Fylkesutvalet er nøgd med at Kultur- og kyrkjedepartementet har gjennomført utredinga "På livets vei. Pilgrimsmotivet - et nasjonalt utviklingsprosjekt" og knytt arbeidet til dei ulike pilegrimsmåla i Noreg.
2. Fylkesutvalet viser til Hordaland fylkeskommune sitt arbeid i Røldal og ser innhaldet i utgreiinga som eit godt døme på korleis statleg, regional og lokal politikk på kulturfeltet kan verke gjensidig styrkande i gjennomføringa av større prosjekt.
3. Fylkesutvalet viser til tidlegare vedtak gjort i saka i Hordaland fylkeskommune og vil komme attende til oppfølgjande tiltak når forprosjekt for pilegrimssenteret i Røldal er ferdig.

**Fylkesutvalet 22.04.09**

Det var 13 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### VEDTAK

1. Fylkesutvalet er nøgd med at Kultur- og kyrkjedepartementet har gjennomført utgreiinga "På livets vei. Pilgrimsmotivet - et nasjonalt utviklingsprosjekt" og knytt arbeidet til dei ulike pilegrimsmåla i Noreg.
2. Fylkesutvalet viser til Hordaland fylkeskommune sitt arbeid i Røldal og ser innhaldet i utgreiinga som eit godt døme på korleis statleg, regional og lokal politikk på kulturfeltet kan verke gjensidig

styrkande i gjennomføringa av større prosjekt.

3. Fylkesutvalet viser til tidlegare vedtak gjort i saka i Hordaland fylkeskommune og vil kome attende til oppfølgjande tiltak når forprosjekt for pilegrimssenteret i Røldal er ferdig.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 24. april 2009

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

*Mildrid Bertelsen*



Arkivsak 200901776-2  
Arkivnr. 655  
Saksh. Ekerhovd, Per Morten

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	31.03.2009
Fylkesutvalet	22.04.2009 - 23.04.2009

## PILEGRIMSMOTIVET SOM NASJONAL SATSING. HØYRING

### SAMANDRAG


Pilegrimstradisjonane i Noreg har vore sterke og særleg knytte til Heilag Olav og Nidarosdomen. I mellomalderen vaks det og fram andre mål, mellom anna Røldal i Hordaland. I dag er Pilegrimsfenomenet på ny ei nasjonal og internasjonal trend

Kultur- og kyrkjedepartementet har gjennomført ei utredning over pilegrimsaktivitetane i Noreg og gjort framlegg til korleis ein kan tenkje seg å knyte saman dette i nasjonal samanheng. Modellen inkluderer fleire ulike pilegrimsmål, ferdslevogane mellom dei, kyrkjelege organisasjonar, offentlege styresmakter, frivillige mv. Utredninga trekk opp omrisset av ein norsk pilegrimsmoell med nasjonal samordning som sentralt tema. Røldal i Hordaland er føreslege som eit av dei regionale pilegrimssentra.

Utredninga legg opp til ei statleg satsing på feltet som stør opp under regional politikk og dermed vil bidra til at ein kan gjennomføre allereie igongsette prosjekt i Hordaland knytte til Røldal som pilegrimsmål

### FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet er nøgd med at Kultur- og kyrkjedepartementet har gjennomført utredninga "*På livets vei. Pilgrimsmotivet - et nasjonalt utviklingsprosjekt*" og knytt arbeidet til dei ulike pilegrimsmåla i Noreg.
2. Fylkesutvalet viser til Hordaland fylkeskommune sitt arbeid i Røldal og ser innhaldet i utgreiinga som eit godt døme på korleis statleg, regional og lokal politikk på kulturfeltet kan verke gjensidig styrkande i gjennomføringa av større prosjekt.
3. Fylkesutvalet viser til tidlegare vedtak gjort i saka i Hordaland fylkeskommune og vil komme attende til oppfølgjande tiltak når forprosjekt for pilegrimssenteret i Røldal er ferdig.

  
Paul M. Nilsen

  
Ronny B. Skaar

## **FYLKESRÅDMANNEN, 17.03.2009:**

### **Bakgrunn**

Pilegrimstradisjonane i Noreg har vore sterke og særleg knytte til Heilag Olav og Nidarosdomen. I mellomalderen vaks det og fram andre mål, mellom anna Røldal i Hordaland.

Dei seinare åra har det vore aukande merksemd omkring Nidarosdomen, Heilag Olav si grav og staden si historiske rolle som pilegrimsmål. Samstundes er fleire av dei andre norske pilegrimsstadene løfta fram. Ein ser dessutan korleis nytt lys er sett på pilegrimsstadene i europeisk samanheng. Santiago de Compostela i Spania er det mest kjende av desse. I januar 2008 tok difor statsråd Trond Giske initiativ til å etablere eit prosjekt for nasjonal pilegrimssatsing med utgangspunkt i Olavsarven og Nidarosdomen i Trondheim. Kultur- og kyrkjedepartementet har leia prosjektet som er gjort i samråd med Sør-Trøndelag fylkeskommune og Trondheim kommune.

Departementet har gjort ei utredning over aktivitetane på feltet og korleis ein kan tenkje seg å knyte saman dette i nasjonal samanheng. Modellen inkluderer fleire ulike pilegrimsmål, ferdslevegane mellom dei, kyrkjelege organisasjonar, offentlege styresmakter, frivillige mv. Utredninga trekk opp ein norsk pilegrimsmoell med nasjonal samordning som sentralt tema.

I brev dagsett 20.02.2009 sendte Kultur- og kyrkjedepartementet utredninga på høyring og saka vert difor lagt fram for fylkesutvalet. For fullstendig høyringsrapport vert det vist til:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kkd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2009/horing---pilegrimsmotivet-som-nasjonal-s/horingsnotat.html?id=546188>

### **Samandrag av høyringsrapporten**

Utredninga gjer framlegg om tiltak for å samordne, styrke og satse på pilegrimsmotivet i Noreg. I forarbeidet er det lagt vekt på lokal forankring og det er arrangert dialogmøte med viktige pilegrimsmiljø rundt om i landet.

Grunnsteinane i satsinga er aktiviteten som vert bygd opp rundt Nidarosdomen og dei åtte andre regionale pilegrimsstadene. Kyrkja si rolle skal styrkast ved oppretting av eigna stillingar som pilegrimsprestar. Desse skal sikre det andelege innhaldet og dei kyrkjelege aktivitetane på stadene og utgjer viktig organisatorisk kapasitet. For dei interesserte er tenkt skipa eigna pilegrimsforeningar.

Aktiviteten skal vidare koordinerast med reiselivsinteressene slik at ein kan styrke heilskapen i dei ulike prosjekta. Utredninga legg til grunn ei skisse for gjennomtenkte ordningar med etablering av pilegrimsvandringar, pilegrimsgardar, pilegrimspass og diplom mv. Pilegrimsprestane skal utvikle det andelege innhaldet i vandringane, mellom anna ved opne vegkyrkjer langs ledene i høgsesongen. Pilegrimssatsinga skal samordnast med reiselivet sine aktørar, mellom anna ved opprettinga av eit pilegrimsfond. Avkastinga skal brukast til utvikling av rimelege overnattings- og serveringsstader langs ledene, og til produktutvikling for småskalaprodusentar land ferdslevegane. Det skal organiserast permanente møtestader og utval for pilegrimsaktivitetane og reiselivet.

Det nasjonale ansvaret på feltet er tenkt lagt i eit nasjonalt pilegrimssenter knytt til eksisterande senter utvikla rundt pilegrimsmålet Nidarosdomen. For å styrke den regionale forankringa vert det gjort framlegg om åtte regionale senter knytte til dei sterkaste miljøa og etablerte ferdslevegane (pilegrimsledane) rundt om i landet.

Ein omfattande tiltakspakke vert lansert og prosjektet er føreslege gjennomført i løpet av 2010-2012. Budsjetteringa av tiltaka føreset statlege, regionale og lokale midlar. Utredninga gjer framlegg om ei fordeling der 60 % av kostnadene vert statleg finansierte og der 40 % dekkast i deling mellom fylkeskommunar og kommunar. Det vert føreslege at ein arbeider for å utløyse VRI-midlar til

regionale tiltak (Virkemidler for regional forskning, utvikling og innovasjon). For å sikre lokalt engasjement vert det mellom anna gjort framlegg om tilskotsordningar og ei landsomfattande medlemsforeining som skal sikre eldsjelene sitt eigarskap til vidare utvikling og samordna satsing.

### **Pilegrimsmotivet i Hordaland**

Røldal vart utvikla som pilegrimsmål i mellomalderen og vart eit av dei viktigaste stadene ved sida av Nidaros. Målet for farten var krusifiket i Røldal stavkyrkje. Krusifiket skal etter segna ha hatt lækjande verknad kvar jonsok (Gammaljonsok - 6. juli). Tradisjonen fortsette lenge etter reformasjonen då det vart mest slutt på dei katolske pilegrimsaktivitetane i Noreg. I 1835 vart den siste jonsokmessa halde. Krusifiket heng i det som no er Hordaland si einaste autentiske stavkyrkje, bygd i 1200 åra. Samanhengen mellom den religiøse aktiviteten og bygningshistoria gjer Røldal stavkyrkje til eit kulturminne med høg nasjonal verdi.

Røldal si viktige historiske rolle gjer at Bjørgvin bispedømme, Hordaland fylkeskommune, Odda kommune, og soknerådet i Røldal saman har starta opp planlegging av eit pilegrimssenter som skal knytast til staden og vidareutvikle Røldal som pilegrimsmål.

Melding i saka (105/08) vart handsama av Kultur- og ressursutvalet i 2008 og 20.11.2008 gjorde fylkesutvalet samrøystes vedtak i (271/08):

- ”1. Fylkesutvalet ser etableringa av eit pilegrimssenter i Røldal som eit prosjekt som kan få stor regional verdi.
2. Fylkesutvalet oppnemner Toralf Mikkelsen som deltakar i politisk styringsgruppe for prosjektet.
3. Fylkesutvalet vil ta stilling til korleis Hordaland fylkeskommune skal delta vidare etter at forprosjekt er ferdig planlagt og kostnadsrekna.”

Etablering av ei pilegrimssenter ei politisk sak som utan tvil kan få stor regional verdi. Gjennom styringsgruppa for prosjektet (Biskopen i Bjørgvin, Hordaland fylkeskommune, Odda kommune og soknerådet i Røldal) er det etablert god kontakt med statlege styresmakter (Riksantikvaren, Miljøverndepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet) som har stilt seg positive til prosjektet.

I tillegg til å vere eit tiltak med stor regionalpolitisk tyding er utviklinga av eit pilegrimssenter ei viktig forvaltningssak. Tiltak ved kyrkja i Røldal må handsamast av regional kulturminnestyresmakt som er Hordaland fylkeskommune, jf brev frå Riksantikvaren dagsett 6. oktober 2008.

For Hordaland fylkeskommune er utredinga frå Kultur- og kyrkjedepartementet gledeleg lesnad. I denne saka er utforminga av statleg politikk i høve pilegrimssatsinga innretta for å stø opp under vår vedtekne regionale politikk på feltet. I denne saka er dermed lokale, regionale og nasjonale målsettingar samanfallande.